



Pascale Baudonnel

*Tidl. geitebonde,
Osteprodusent av kvit og brun geitost
Ysteteknolog, BTS ENILIA Surgères
Spesialist i gardsysting av rå mjølk*

Sandvik, 1 september 2014

Innspel til ruteendringar frå 1 mai 2015

Då eg ganske ofte brukar expressbåten mellom Flåm/Undredal og Krakhella har eg merka noko som er heilt unødig dårleg service i samband med reise med expressen frå Sogn til Solund.

Om ei tek ekspressen frå Flåmm 15:30 på søndagane om sommaren, kjem ein til Rysjedalsvika kl 18:40. Så langt alt vel.

Kl 18:40, søndagane om sommaren, har også ekpressbåten til Nordfjord anløp på Rysjedalsvika. Neste anløp er Krakhella 19:00, og gjev ein perfekt reise med kortast mulig tid, 3,5 timar.

MEN, det er IKKJE korrespondanse, slik at me opplevde i sommar at Nordfjorbåten la til kai på Rysjedalsvika rett framfor nasen på Sognebåten og reiste att utan å ta med ein passasjer til Krakhella og to til Askvoll. Sjølv om mannskapet på Sognebåten var hjelpelige og hadde hatt kontakt med Nordfjord ekspressen og gjeve uttrykk for at dette skulle gå bra.

Passajeren til Krakhella måtte venta på ferja 18:55 og ankom kl.20:00, ein heil time seinare enn med ekspressen. Dei to som skulle til Askvoll, måtte ta ein drosje trur eg.

Dette kjennest heilt unødig ut og eg håpar kommunen kan sjå på saka og kan presse på for å få lagt inn korrepondanse på Rysjedalsvika i ruta slik at Sognebåten alltid legg til kai før Norfjorbåten. Andre vegen er jo ikkje aktuell då Nordfjorbåten kjem frå Bergen og Sognebåten skal til Bergen. Dette gjelder berre søndagane i sommarhalvåret. Dei andre dagane er ikkje Nordfjorbåten innom Rysjedalsvika.

Andre vegen, køyrer Nordfjorekspressen dagleg X67 18:10 frå Krakhella, til Rysjedalsvika 18:35. Då er det dagleg planlagt korrespondanse med Sognebåten, innover fjorden, også i vinterhalvåret.

Litt vidare hadde det vore flott om ein hadde fått korrespondanse dagleg frå Indre Sogn til Krakhella. Det er ikkje lett å la bilen stå når ein berre kjem fram ein veg på ein grei måte.

Med helsing
Pascale Baudonnel

Postadresse:
5746 Undredal
Mobil
970 16 334

Telefon:
57 63 17 46
Telefaks:
57 63 13 51

e-post:
pascale@gardsost.no
Internett:
www.gardsost.no

Føretaksnr.:
NO 969 164 914 mva
Bankgiro:
3745 05 20234